

# Eit godt 2010

Høgskulen for landbruk og bygdenæringar, HLB, kan sjå tilbake på eit godt år i fjor. Etter å ha vore gjennom nokre tøffe oppstartår med svært stram økonomi og underskot, syner 2010 for første gong overskot i rekneskapen. Og aktiviteten har vore høgare enn nokon gong.

## Bv

Dag Raustein

Dette syner årsrapporten frå HLB som rektor Dag Jørund Lønning nyleg kunne leggja fram. Nokre utdrag frå årsrapporten:

- God vekst i tal studentar, heile 28 % auke frå vår 2010 til haust 2010.

- Oppnådd rett til å skriva ut bachelorgrad i bygdeutvikling.
- Meir enn halvparten av årsverka i fagstaben blir utført av personell med førstekompetanse.
- HLB deltek i aukande tal regionale, nasjonale og internasjonale forskingsoppdrag.
- Det har vore god aktivitet på publisering av fagbøker, artiklar og forskingsrapportar.

Fleire nye studieplanar er under utvikling, mellom anna "Hest i næring" og "Driftsleiing i landbruket".

HLB trivs god i den nye Landbruksparken Rogaland på Særheim, og er klar til å ta mot aukande tal studentar.

Landbruket og arbeidsplassar tilknytte denne næringa har sterkt behov for stadig aukande kompetanse. Så det er bare å kasta seg uti det!



Rektor Dag Jørund Lønning kan melda om fin utvikling ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar.

Bondevennen 11/2 - 11

## Høgskulen for landbruk og bygdenæringar

Dag Jørund Lønning i Høgskulen for landbruk og bygdenæringar som held til på Jæren, kunne tilby opplæring i husdyrproduksjon, og i mykje anna. Du vil kunna ta bachelorgrad i bygdeutvikling. Du kan ta kurs i økonomi og leiing. Du kan ta kurs i handlingskompetanse, som handlar om å få fram dei sterke sidene dine, kall det gjerne personleg utvikling. Du kan ta kurs i nyskaping. Og skattejakt i lokalmiljøet. Dette siste dreier seg om korleis ein kan gjera ei næring ut av natur- og kulturverdiar på garden.

Alle kurs gir studiepoeng. Lønning kallar det utdanning for livskraftige bygdesamfunn.

Dette er ein onnevennleg skule, som begynner seint på hausten og sluttar tidleg på våren. Studentane er på skulen tre dagar per månad. Resten gjer dei heime.

Utfordringa er å få studentar, men siste året har ein fått ein fin auke i ta-

let på studentar, og ein har fått veldig gode tilbakemeldingar frå dei som har studert.

Lønning sa at dei gjerne vil ha Agder med på å byggje denne skulen, som han kalla ein samvirkeskule med 120 eigarar.

### Skulen kan koma til elevane

Det er eit stykke frå Agder til Jæren. Men Lønning sa at dersom elevane ikkje kan komme til skulen, så kan skulen komme til studentane. Det gjeld spesielt dersom ei gruppe studentar går saman om å ta eit kurs.

Lønning meinte det gir feil signal at landbruket heng att som einaste næring utan kunnskapskrav. Kravet om kunnskap vil bli stadig sterkare både innafor tradisjonelt landbruk og nye bygdenæringar. Og kunnskapen skal vera utviklingsretta, sa han. Det handlar om å bruke egne ressursar best mogeleg.



Dag Jørund Lønning vil gjerne ha Agder med på å byggja Høgskulen for Landbruk og bygdenæringar.

Bondevennen 11/2 - 11